



Mamma er borte. Ho er ikkje her i lag med meg. Ho kunne ikkje bli med heilt fram dit eg skulle i dag. Dagen i dag er det berre ein av. Denne dagen kjem aldri att og mamma er ikkje her.

Ikkje fordi ho er sint og skal straffe meg.

Ikkje fordi ho er sjuk og ligg i senga.

Mamma sit i ein stol.

Eg har ny fin ransel som gneg litt på eine skuldra. Eg har ny kjole og nye sko. Alt er nytt og denne dagen er ny, og denne dagen er den einaste som finst av slike dagar og mamma er ikkje her! Ho sit i ein stol og døra inn dit eg skal i dag er for smal for denne stolen.

Men ho kunne ha blitt med fram til døra. Eg trur ganske sikkert eg kunne sett henne frå vindaugget og vinka til ho.

kjersti kollbotn



Kjersti Kollbotn er sivilingeniør med doktorgrad i byplanlegging. Fra sitt enkeltpersonforetak i Tromsø arbeider hun både som byplanlegger og skribent. Denne teksten skrev hun til et seminar om universell utforming og den europeiske landskapskonvensjonen i Skien i månedsskiftet november-desember i fjor.